



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kaisa Tonheim Banne - 55516273

Vår referanse:
2014/045821-013

Dykkar referanse:
2014/18086

Vår dato:
04.09.2014

Svar på tiltak for å hindre oppstuing av sørgående trafikk på Danmarks plass - Bergen kommune - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Vi viser til brev mottatt 7. juli 2014 angående tiltak for å hindre oppstuing av sørgående trafikk over Danmarks plass. De ber no oss om å vurdere tiltak på sørgående trafikk frå Danmarks plass til Fabrikkgaten og ikkje på Danmarks plass, slik vi forstod oversendingsforslaget vi fekk oversendt 10. april.

Når vi snakkar om trafikkavvikling i sørgående retning, må vi sjå det i litt større samanheng. Det som skjer på strekninga Danmarks plass – Minde Allé reflekterer seg i at det blir kø i ettermiddagsrushet. Det er fleire faktorar som verkar inn på dette.

Ein viktig faktor er kapasitet. For å skildre trafikkbelastning på ei strekning eller eit snitt, brukast nemninga ÅDT (gjennomsnittlig årstdøgntrafikk). I dag har vi på Fjøsangerveien ein ÅDT på 45 000. Generelt kan ein seie at ein tofelts veg vil begynne å få kapasitetsproblem ved ein ÅDT på ca. 20-22.000. På Fjøsangerveien ved Minde Allé, kan vi forenkla seie at ein firefelts veg blir tofelts veg. På grunn av dette får vi da ca. 30 000 kjøretøy under Minde Allé og dette er betydelig meir enn ein tofelts veg kan avvikle.

Det er ikkje berre trafikkvolum som har innverknad på kapasitet og avviklingskvalitet. I tillegg har vi:

- fordeling på køyretøystypar
- stigning
- horisontalkurvatur / geometri
- breidde av køyrefelt og skulder
- trafikantåtferd
- lokale forhold
- hendingar, vêrforhold

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Ein viktig faktor er trafikantåtferd. Frå Fabrikkgaten og inn mot Mindelokket har vi situasjonar der nokon trafikantar køyrer i høgre felt eit godt stykke oppover og legg seg inn i køen i venstre felt. Dei presser seg inn i venstre felt. Dette fører til nedbremsing som igjen skapar gjennomgåande kø i det venstre feltet. Vi meiner at forholda er klare her jfr. Trafikkreglene § 8:

« Kjørende som vil skifte kjørefelt, har vikeplikt for kjørende som befinner seg i det felt det skal kjøres inn i eller som først må krysses.» og § 5 (3) «Avstanden til forankjørende skal være så stor at det ikke oppstår fare for påkjøring dersom den forankjørende saktner farten eller stanser.»

Dette skal være kjent for trafikantar som har gjennomført køyreopplæring.

På denne strekninga er det to andre faktorar til som og spelar inn. Den fyrste er eit lysregulerte gangfelt (på strekning mellom Fabrikkgaten og Minde Allé) som hindrar den normale trafikkflyten. Den andre faktoren er at mange trafikantar som køyrer frå lys til mørke, kjenner eit ubehag som fører til at dei bremsar i forkant av lokket.

Når det gjeld kva tiltak vi kan gjere for å hindre oppstuing av sørgående trafikk, så kan vi framleis ikkje sjå at vi kan forby feltskifte nokon stadar. Vi har framleis utfordringar med skilting av eit slikt forbod. Det vil òg være vanskelig å kontrollere tiltaket.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing



Olav Finne
avdelingsdirektør



Kaisa Tonheim Banne